

# **Vedleggsgruppe B**

**vedlegg 2-8**



Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga

## Høyringsinnspel: Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 – 2021

Utdanningsforbundet Sogn og Fjordane viser til høyringsutkastet for Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 – 2021, lagt ut på høyring av Hovudutval for opplæring i sak 26/17 26. september 2017, og dykkar høyringsbrev datert 28. september 2017, dykkar referanse 16/8145-26.

I vårt høyringsinnspel kommenterer vi dokumentet slik det ligg føre som ein overordna mål- og strategiplan for sektoren. I tillegg gjev vi nokre kommentarar knytt til dei føreslegne strategiane og kvalitetsmåla, som ikkje har direkte implikasjonar for dette dokumentet, men som vi meiner er viktige vurderingar inn mot handlingsprogramma måla og strategiane skal leie til.

Utdanningsforbundet Sogn og Fjordane er i hovudsak positive til utkastet til mål- og strategidokument slik det ligg føre. Dokumentet er kortfatta, med få tydelege, overordna mål som kan stå seg over tid. Måla og strategiane er retta mot kjerneoppgåvene i vidaregåande opplæring, og vi les dette som ei klar prioritering frå hovudutvalet si side. I verkeperioden for planen veit vi at vi vil få fleire store nasjonale reformer som skal implementerast: ny overordna del i læreplanverket, fagfornyinga av dei gjennomgåande faga, ny struktur på yrkesfag som er venta fastsett i haust med påfølgande læreplanarbeid og nye læreplanar, og ein gjennomgang av struktur og innhald i heile vidaregåande opplæring som er varsla gjennom utvalet regjeringa sette ned 1. september 2017. Særleg i ein periode der det er venta så vidt store nasjonale reformer er det, etter vårt syn, viktig at lokale mål og strategiar konsentrerer seg om kjerneoppgåvene i vidaregåande opplæring. I tillegg vil det vere ein fordel om lokalt utviklingsarbeid forankra i mål- og strategidokumentet òg heng saman med og dreg i same retning som dei nasjonale endringane vi ser kjem. Slik måla og strategiane er formulert i utkastet ligg det godt til rette for dette.

Planen er utforma slik at det i handlingsprogram og skulane sine utviklingsplanar kan vere rom for både felles satsingar for heile sektoren og satsingar initiert nedanfrå.

Utdanningsforbundet Sogn og Fjordane meiner at det pedagogiske personalet ved skulane – lærarar og leiarar i samarbeid – tek eit større ansvar for skuleutvikling og å bygge sterke profesjonsfellesskap. I handlingsprogramma som skal utarbeidast med grunnlag i denne planen meiner vi derfor det er viktig at ein beheld og bygger opp under det rommet som, innanfor strategiane og kvalitetsmåla, er for lokalt initierte satsingar – anten desse er for den einskilde skule eller på tvers av skulane knytt til utdanningsprogram/fagfelt. Å få til gode koblingar mellom lokalt opplevde behov og overordna politiske føringar, og gjennom det at mål og strategiar er forankra blant alle tilsette i sektoren og at det pedagogiske personalet har eigarskap til prioriterte satsingar, krev ressursar til pedagogisk leiing og eit nært samarbeid mellom leiing og tillitsvalde – både på fylkesnivå og på den einskilde skulen.

Innleiingsvis i mål- og strategidokumentet er det gjort greie for heimlar for dei overordna måla. I den påfølgande teksten nedst på side 1/øvst på side 2 er det primært nytteaspektet ved vidaregåande opplæring som er vektlagt. I kvalitetsmåla i definert i figuren på side 3 er danningsaspektet og at skulen/opplæringa skal bidra til «gangs menneske» igjen meir framtredande. Slik vi les dokumentet er teksten nedst på side 1 og på side 2 ei bru mellom heimelsgrunnlag og konkrete strategi- og kvalitetsmålformuleringar som vi finn i figuren på side 3. Ut frå det meiner Utdanningsforbundet Sogn og Fjordane at balansen mellom nytte og danning med fordel kan kome betre fram ved at ein òg i teksten som dannar overgangen mellom heimel og konkrete mål og strategiar tydelegare vektlegg det breie kunnskapssynet og samfunnsmandatet som ligg i føremålsparagrafen i opplæringslova og i ny overordna del, og gjennom det framhevar skulen som fellesarena og samfunnsbyggjar. Øg sett i høve til implementering av ny overordna del i læreplanverket meiner vi det vil vere rett å legge tydelegare vekt på dette i teksten.

Utdanningsforbundet Sogn og Fjordane meiner det er positivt at kvalitetsmåla i figuren på side 3 i hovudsak er formulert kvalitativt. Kvantitativt definerte kvalitetsmål medfører ein fare for målforskyving gjennom at det som kan teljast blir det som tel. At dei overordna kvalitetsmåla er kvalitativt definert underbygger, slik vi ser det, derfor at ein prioriterer det som er viktigast.

Unntaket frå kvalitativt definerte kvalitetsmål er eit gjennomføringstal på «minst 87%». Det er sjølv sagt ikkje noko gale i at vi skal ha høge ambisjonar om gjennomføring, og Sogn og Fjordane har over tid hatt høge gjennomføringstal samanlikna med resten av landet. Vi les òg hovudutvalet slik at det er nettopp ambisjonen om å vidareføre og styrke høg gjennomføring som er målet, og at talet 87% er eit uttrykk for denne ambisjonen meir enn ei reell kvantifisering av målet. Vi meiner likevel det er grunn til å problematiserer måltalet, ikkje nødvendigvis fordi det bør endrast i dokumentet, men for å nyansere debatten om fråfall og gjennomføring, og for å peike på at dersom ein blir for oppteken av måltalet kan det fungere kontraproduktivt. Utdanningsforbundet Sogn og Fjordane meiner det er viktig å hugse på at gjennomføring er eit middel, ikkje eit mål i seg sjølv.

Eit måltal for gjennomføring av vidaregåande opplæring og den norske definisjonen av gjennomføring kom med Reform 94, der ein fekk ei politisk forventning om at alle skal fullføre vidaregåande opplæring og der forarbeida til reforma sette eit mål om at 90% skulle fullføre innan fem år. Dei første gjennomføringstala kom i 1999. Då hadde 70% fullført innan fem år. Dei nasjonale gjennomføringstala har etter det lege stabilt mellom 68 og 72%, med dei

siste tala oppe på eit historisk høgt nivå på 73%. Medan gjennomføringstala har vore påfallande stabile, har merksemda kring fråfall og uroa over låg gjennomføring eskalert utover 2000-talet og særleg dei siste ti åra. Fråfallsdiskusjonen har mange trekk av det ein kan kalle ein utdanningspanikk, med klare parallellear til «the drop-out panic» i USA på 60-talet. Den nasjonale politiske diskursen er utolmodig med ungdom: Ungdom må ta stadig meir utdanning, og det skal skje stadig fortare.

At ein definerer gjennomføring som innan fem år, er ein særnorsk definisjon. Dersom vi la EU sin definisjon til grunn ville Noreg ha om lag 10% fråfall, noko som er heilt på snittet for EU og OECD. Gjennomsnittsalderen for å fullføre yrkesfag er i Noreg og Danmark er 28 år, medan den i Sverige er 21 år. Den viktigaste forklaringa på forskjellen er at Noreg og Danmark begge har lærlingesystemet, medan Sverige ikkje har det. Både Noreg og Danmark har svært mykje vaksenutdanning. Den danske definisjonen av fråfall – som er fullført innan 25 år etter fullført grunnskule – fangar opp vaksenutdanninga. Den norske definisjonen gjer det ikkje. Den utdanninga som skjer utanfor rammene av «innan fem år» tel ikkje i norske nasjonale gjennomføringsstatistikkar, men vi må ikkje ende ut med å gjere den mindre viktig.

I arbeidet med gjennomføring er det etter vårt syn derfor viktig at vi ikkje henger oss opp i prosentar, men at vi

- *legg til rette for* at det skal vere mogeleg for alle, uavhengig av utdanningsprogram, å gjennomføre i løpet av fem år gjennom arbeidet med dei andre kvalitetsmåla i planen og gjennom dimensjonering av tilbod i høve til lærerplasstilgang
- ikkje fører ein debatt om fråfall som avviksdefinerer 20 – 30% av ungdomskulla
- hugsar på at motivasjon for utdanning òg kan opparbeidast utanfor utdanningssystemet og har gode system og tilbod for dei som skal fullføre utanfor «tidsgrensa» på fem år og for vaksenutdanning.

Med helsing

Steinar Strømsli  
fylkesleiar

Hilde Kvamså Aa  
HTV-F



Høyringsinnspele frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne – sak  
16/8145 mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 – 2021

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne syns at dokumentet er tydeleg og kortfatta med gode mål og strategiar.

Fylkesrådet kjem med innspel om at mål- og strategidokumentet vert sett i samanheng med den regionale planen for folkehelse 2015 – 2025. I den regionale planen står det m.a. dette om framtidsbiletet for Sogn og Fjordane år 2025:

- *I fylket har vi ei brei samfunnsmessig tilnærming som betyr at det vert teke omsyn til faktorar i alle samfunnssektorar i tråd med «helse i alt vi gjer». Folkehelsearbeid i Sogn og Fjordane er den samla innsatsen frå alle i samfunnet for å vedlikehalde eller betre helsa i befolkninga. Det ligg eit krav om å styrke verdiar som gjer det mogleg for det enkelte individ eller grupper å ta ansvar, delta, meistre og å få kontroll over eige liv og situasjon.*
- *For oss er god folkehelse at den einskilde opplever meistring i kvardagen, deltaking i samfunnet og opplever å ha gode levekår, god livsstil og god livskvalitet.*
- *Fylket står saman i arbeidet mot ei framtid der:*
  - *Alle som ynskjer å jobbe/delta i samfunnet er inkludert*
  - *Barnehage og skule syter for at alle barn opplever meistring, vert sett og inkludert*
  - *Ingen fell utanfor samfunnet på grunn av mangel på omsorg/hjelp*

I pkt. 3.3 satsingsområdet «Helsefremjande oppvekstmiljø i heim, barnehage og skule» står det m.a.:

- *Det er godt dokumenterte samanhengar mellom utdanningsnivå, materielle levekår og helse. Låg formell utdanning og fråfall frå vidaregåande skule gjev problem knytt til helse og levekår seinare i livet. Utdannings- og arbeidsmarknadstilknytinga vert markant betre dersom ein fullfører vidaregåande opplæring, medan dei som bryt skulegangen har større sjansar for å hamna utanfor, eller er i ein marginal posisjon på arbeidsmarknaden. Samnsynet for å vere registrert som arbeidssøkar hjå NAV og leve av offentleg støtte, er og mykje større i denne gruppa enn i andre utdanningsgrupper.*
- *Satsingsområdet skal m.a. fremje:*
  - *Betre trivsel, meistring og læringsutbytte for elevane*
  - *Hjelpetenester som er tilgjengelege og kjende for barnehagen og skulen*
  - *God integrering av fleirkulturelle*
  - *Gode levevanar og toleranse*
  - *Styrka kompetanse hjå tilsette i skule og barnehage*
  - *Hindre fråfall i vidaregåande skule og arbeidsliv*
  - *Tiltak som fremjar stabile oppveksttilhøve og trygge heimar*

Fylkesrådet meiner at eit inkluderande psykososialt skolemiljø er viktig for elevane si læring og utvikling og at dette bør kome tydlegare fram i dokumentet. I tillegg meiner fylkesrådet at det er viktig at alle elevar vert møtt med respekt og omtanke, og at dei opplever læring, motivasjon og meistring, uavhengig av bakgrunn eller individuelle føresetnader.





Fylkesdirektør for opplæring  
Sogn og Fjordane fylkeskommune

**Firda vidaregåande skule**

**Sakshandsamar:**

Hallgeir Hansen

E-post: Hallgeir.Hansen@sfj.no

Tlf.:

**Vår ref.**

Sak nr.: 16/8145-29

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

40140/17

**Dykkar ref.**

**Dato**

SANDANE, 24.10.2017

## **Høyringsuttale "Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 - 2021" - Firda vgs**

Viser til høyringsbrev om «Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 – 2021». Her er høyringsuttale frå Firda vgs.

Det var utfordrande å få til ei grundig og god handsaming innafor den korte fristen, men saka har vore presentert for personalet på personalmøte, den har vore drøfta med dei tillitsvalde, den har vore orientert om i skulemiljøutvalet og vi har hatt ei frivillig kveldssamling for tilsette der dokumentet har vore tema.

Vi synest det er svært positivt at ein legg opp til eit kompakt og tydeleg dokument med få mål. Vi opplever at det er eit dokument som gjev tydeleg retning, samtidig som det er rom for tilpassingar. Vi trur at eit kompakt dokument vil vere lettare å forankre og implementere i organisasjonen. Vi vil gje vår støtte til hovudtrekka i dokumentet, samtidig så har vi nokre kommentarar.

For å starte på toppen. Vi er litt usikre på tittelen «mot nye høgder». Vidaregåande skule i Sogn og Fjordane leverer i dag gode resultat. Det skal vi og gjere i framtida, samtidig opplever vi overskrifta som noko pretensiøs og vi vil utfordre direktøren på om ein skal vurdere ein annan tittel på dokumentet. Dette er ikkje ei viktig sak, men fleire av oss som har vore med i samtalene om dokumentet hadde den same fyrste reaksjonen når vi såg dokumentet.

Når det gjeld overordna mål så tenkjer vi at ein i fyrste kule pkt. kan stryke «i landet». Målet må vere at elevane får eit best mogeleg opplæringsstilbod. For oss er det ikkje eit mål og heller ikkje viktig for kvaliteten at vi skal samanlikne oss med andre.

Vi er heilt samde med innhaldet i kulepunkt 2, men vi finn ikkje dette pkt igjen i strategiane. Vi vil be direktøren vurdere om dette skal vere meir synleg i strategien.

Vi tenkjer og at det manglar ei utdjuping av kulepunkt 4 i strategien. Kva betyr det i praksis, kva er tiltaka for å oppnå heilskapleg opplæring frå grunnskule til vgs?

Det står i dokumentet at trivsel, meistring og gjennomføring skal vere utgangspunkt for arbeidet. Trivsel og gjennomføring tenkjer vi er greie omgrep. Vi er meir usikre på om meistring er rett omgrep for alt det andre vi ynskjer at eleven skal få med seg gjennom skuletida. Spørsmålet vårt er om det bør vere eit anna omgrep, eller om det burde vore med eit omgrep til. Med meistring tenkjer vi på det å meistre ein aktivitet/ferdigheit. Dette er viktig. Det er mange ferdigheter ein ungdom skal kunne handtere gjennom og etter eit skuleløp, samtidig så tenkjer vi at så lenge det står «berre» meistring, manglar det noko.

Gjennom st.mld 28 vert evne til kritisk refleksjon og sjølvstendige vurdering framheva som viktige ferdigheter. I formålsparagrafen står det at «elevane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst». Vi tenkjer at denne viktige delen av formålsparagrafen ikkje vert godt nok ivaretaken gjennom omgrepet meistring. I god- betre – best brukte ein danning som omgrep.

Danning er kanskje eit meir krevjande omgrep i denne samanheng, samstundes dekker dette omgrepet ein heilskap i det å bli gangs menneske som vi opplever manglar i omgrepet meistring.

Vi veit og at mange kollegaer i andre fylke på ein positiv måte har lagt merke til korleis vidaregåande skule i Sogn og Fjordane har prioritert danningsomgrepene i sitt arbeid med ungdom. Vi vil be fylkesdirektøren vurdere om eit anna omgrep enn meistring skal nyttast eller om ein skal ta med eit omgrep til, t.d. danning.

Når det gjeld strategiar så vil vi kommentere det som står under undervisning. Vi vil ha eit tillegg slik at det står:

Elever, lærlingar, lærarar og instruktørar tek i bruk og vidareutviklar metodar og organiseringsmåtar som gjer opplæringa variert, relevant og *tilpassa den enkelte elev og gruppe*.

Vi likar fleire av formuleringane under kvalitetsmål: «alle elevar og lærlingar blir sett», ...lyst til å møte livet..., ... fagleg og sosialt mot.... Dette er gode kvalitetsmål som vi gjerne ynskjer å slutte oss til.

Vi er meir usikre på det siste kulepunktet om «87% av dei som byrjar.....» ein ting er at det vart eit veldig markert stilbrot med dei andre kvalitetsmåla, men vi er og usikre om det er rett å ha denne type konkrete mål i dette dokumentet. Vi kunne tenkt oss meir generelle formuleringar på dette punktet som også var meir i stil med dei andre kvalitetsmåla.

Lukke til med eit viktig og spennande arbeid

Med helsing

Hallgeir Hansen  
rektor

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

Mottakar (ar)  
Kent Rune T. Måren, OA

Kopi til:



Vurderingar av utkast til overordna mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane  
2018 – 2021

Overordna mål.

På vegne av våre medlemsbedrifter meiner vi det bør være eit tydeleg uttalt mål at yrkesfagleg utdanning skal sikre fagarbeidrarar til både privat og offentleg sektor innafor dei område som vi har størst behov i vårt fylke.

Fag og yrkesopplæring, står pr no under strategiar, vi meiner det bør stå under overordna mål fordi samhandling mellom skule, *sett inn*: *Opplæringskontor* og bedrifter er nøkkelen til å oppnå mål om 87% gjennomføring.

Samhandling mellom interne og eksterne aktørar i eleven og lærlingen sitt opplæringsløp skal være det beste i landet. Partane i arbeidslivet, *sett inn* : *Opplæringskontor* og bedrifter er særskilt viktige eksterne aktørar og skal være dei beste i landet.

Kommentar til side 2 i «Mot nye høgder» andre avsnitt, vi foreslår at avsnittet vert skrevet : Mål- og strategidokument skal gje råmer for samarbeid mellom skulane, skule og opplæringskontor og bedrift, og synleggjere vidaregåande opplæring si rolle i samfunnsutviklinga lokalt og regionalt.

Generell kommentar, vi meiner det er viktig at fylkeskommunen i sitt strategidokument er tydleg på at dei ser verdien av profesjonelle og kompetanteopplæringskontor som ein viktig samarbeidspart og viser det i teksten.

Vi er invitert til å komme med vurderingar av overordna mål og reknar med at vi får komme med uttaler til strategiar og kvalitetsmål ved eit seinare høve.

Med vennleg helsing

Jorunn Eide Kirketeig

dagleg leiar

0047 57832260 / 0047 91144966

[jorunn.kirketeig@pro.sf.no](mailto:jorunn.kirketeig@pro.sf.no)

Følg oss på Facebook!



Opplæringskontoret

[www.pro.sf.no](http://www.pro.sf.no)



Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga  
Askedalen 2, 6863 LEIKANGER  
Att. Kenth Rune T. Måren

Vår dato: 25.10.2017  
Deres dato: 28.09.2017  
Vår referanse: TK/SR  
Deres referanse: 16/8145-26

## Høyringsuttale frå NHO Vestlandet vedrørande: Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021

Det er viktig for NHO Vestlandet at ein tilbyr utdanning som er i tråd med behovet i næringslivet. I dag rapporterer fem av ti NHO-bedrifter at dei har eit udekka kompetansebehov. Derfor må vi ha eit utdanningssystem som på ein god måte leverer den kompetansen som arbeidslivet treng. Vi må blant anna ha ein målbevisst satsing på praktiske og estetiske fag i grunnskule, yrkesfag, realfag og IT. Eit framtidig arbeidsliv vil trenge mange fagarbeidrarar og ingeniørar visar NHOs kompetansebarometer for 2017. Fagarbeidrarar er den mest etterspurde kompetansen blant våre medlemsbedrifter dei neste 5 åra (Sjå vedlegg).

NHO Vestlandet vurderer utkastet til overordna mål, kvalitetsmål og strategiar som gjennomtenkt, tydeleg og god. NHO Vestlandet meiner strategien om styrka samhandling mellom interne og eksterne aktørar i eleven og lærlingen sitt opplæringsløp som særstakt viktig. Vi treng ein tettare kopling mellom utdanning og arbeidsliv, og ein bør ha innslag av praksis for å sikra relevans og lette overgangen mellom skule og arbeidsliv. Skulen er ein del av lokalsamfunnet, vi trur på ein open og inkluderande skule som jobbar tett gjennom partnarskap og nettverk av lokale verksemder – offentlege og private, som fagskule, partane i arbeidslivet, opplæringskontor, Nav og andre som kan bidra til god integrasjon og gjensidig utvikling av kunnskap og erfaringar.

NHO Vestlandet vonar det blir lagt vekt på følgande punkt i det vidare arbeidet kring tiltak og gjennomføring av strategiar og mål, spesielt retta mot yrkes- og fagopplæringa:

- Praktiske fag må være integrert i undervisingen og være ein arena for læring i dei fleste fag. Kontinuerleg arbeid med å auke statusen til yrkesfag og syte for å gje god informasjon om dei utviklingsmoglegheitene som finst. T.d. Y-vegen. Dette arbeidet er også eit tiltak for gjennomføring og styrking av det 4-årige utdanningsløpet.
- Ein god fagopplæring føreset høg fagleg kvalitet både i den skulebaserte og den bedriftsbaserte delen av opplæringa. Det trengs attraktive og moderne utstyrsparkar for at elevane kan oppnå forventa læringsutbytte ved dei yrkesfaglege utdanningsprogramma.
- Fleire læreplassar og eit aktivt fylke som jobbar med å rekruttere fleire lærebedrifter, samt lærebedrifter som har ressursar til å ta inn elevar og lærlingar med spesielle behov.
- Opprette faglinjer etter behov – ikkje på grunn av distriktpolitiske og andre omsyn.
- Bruk av meir teknologi i skulen, etterutdanning av lærarar og hospitering.
- Ein heilskapleg og digital karriererettleiingsteneste, samt lokale karrieresenter i fylket som samarbeid tett med rettleiingsteneste i skulen, Nav og arbeidsliv.



Venleg helsing

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Tom Knudsen".

Tom Knudsen  
Regiondirektør NHO Vestlandet - Hordaland og Sogn og Fjordane



## Saksprotokoll

**Organ:** Fagopplæringsnemnda

**Møtedato:** 02.11.2017

**Sak nr.:** 16/8145-33

**Internt l.nr.** 41769/17

**Sak:** 11/17

**Tittel:** Høyring - Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 - 2021

**Behandling:**

Saka vart lagt fram utan tilråding

**Endringsframlegg:**

Fagopplæringsnemnda kom med følgjande framlegg til vedtak:

Fagopplæringsnemnda vart orientert om planen på møtet. Fagopplæringsnemnda kommenterte at det er ein god og konkret plan. Fagopplæringsnemnda var særskilt fornøgde at det var sett fokus på yrkesopplæringa.

Fagopplæringsnemnda sluttar seg til planen og har ikkje nokon særskilde merknader til planen.

**Avrøysting:**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Fagopplæringsnemnda vart orientert om planen på møtet. Fagopplæringsnemnda kommenterte at det er ein god og konkret plan. Fagopplæringsnemnda var særskilt fornøgde at det var sett fokus på yrkesopplæringa.

Fagopplæringsnemnda sluttar seg til planen og har ikkje nokon særskilde merknader til planen.

